

Slagr til Bø med ny CD

Den kritikaroste trioen Slagr med Anne Hytta i spissen, gjev ut CDen «Short stories» i dag og kjem 3. mai til Bø for å spele konsern på Bø prestegard. Dette er kammerfolktrioens femte album og handlar om det vesle mennesket og dei små ting i vår store, travelt opptatte verd. Musikken er inspirert av

novella På Gamletun i Europa av Hans Herbjørnsrud. Trioen som kjem til Bø tel Anne Hytta på hardingfele, Katrine Schiott på cello og Amund Sjolie Sveen på vibrafon og glass. Elles er det Sigrun Eng som trakterar cello på plata. Konsernen i Bø går i regi av Bøker i Bø, Telemarkfestivalen og Bø jazzklubb.



Krav til kryss

Utval for plan, teknikk og næring (PTN) har på ny handsama saka om å gje dispensasjon frå reguleringsplan for å gje løyve til etablering av Biltema-butikk i Bø Handelspark. Det er krav frå Statens vegvesen som har utløyst behov for å endre tidlegare



KOMMUNEREFORMA

Involvering er avgjerande

– Utan involvering av innbyggjarane lykkast ein ikkje. Det er avgjerande. Det seier Ole Sverre Lund, tidlegare rådmann med erfaring frå kommunesamanslåing i Vestfold.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Ole Sverre Lund var rådmann i Andebu i Vestfold medan kommunen gjekk gjennom prosessen som førte til at kommunen vedtok å slå seg saman med Stokke og Sandefjord. Han hadde sluttat då dei tre kommunane signerte den formelle søknaden om samanslåing i februar i år, men seier framleis «me» når han om-talar prosjektet.

– Ei suksessrik samanslåing, kallar Lund det.

Styrke lokaldemokratiet

Dei tre kommunane var litt tidlegare ute enn dei fleste andre. Dei leverte inn søknaden medan dei fleste andre berre så vidt hadde kome inn i tenkjboksen. No er Lund leigd inn av Telemarksforsking til eit prosjekt. I førstevike var han på eit seminar om kommunereforma i regi av Fylkesmannen i Telemark. Temaet hans var involvering av innbyggjarane i ein samanslåingsprosess. Lund brukte prosessen dei tre kommunane Stokke, Andebu og Sandefjord, også kalla SAS, hadde vore gjennom og knytte temaet til den.

SAS-kommunane er elles på topp i kommunebarometeret og har god økonomi.

– Eit av dei viktigaste måla med samanslåinga av dei tre kommunane var at lokalde-

mokratiet skal kome styrka ut. Stokke og Andebu skal leve også vidare som lokale senter, sa Lund.

Grensejustering

Innanfor dei tre kommunane som skal utgjere nye Sandefjord er det område som ikkje føler seg heime og kjenner sterke tilhøyrigheit til andre kommunar. Blant anna eitt område på 4.000 menneske som heller ønskjer seg til Tønsberg.

– Spørsmålet om grensejustering har me funne mest teneleg å ta neste år, sa Lund.

Dei to kommunane Stokke og Andebu hadde før samanslåinga konkludert med at dei er for små til å halde fram åleine (11.000 og 6.000 innbyggjarar) medan Sandefjord kan klare seg åleine.

Politikarane må styre

– Prosessen må vere styrt og leia av dei folkevalde, sa Lund.

Han var oppteken av at dette er politikk. Rådmennene la ikkje fram saker som ein vanlegvis gjer, men kom med innspel og skisser. Det er også viktig å ha reglar for kva ein skal gjere når ting blir vanskeleg.

Dei tre kommunane hadde ein eigen plan for informasjon og medverking frå innbyggjarane. Det var to seriar med folkemøte i kvar kommune, før retningsvalet vart gjort. Det var også å gjere innbyggjarundersøkingar i kvar kommune før vedtak om samanslåing. Det var eigne debattmøte og media som heimesider, Facebook og møte i lag og foreinigar vart brukt. Dessutan vart det laga ei informasjonsbrosjyre.

– Lykkast ein med innbyggjar-involvering får ein betre beslutning og større eigarskap,

meiner Lund.

Viktig for innbyggjarane

Han peika også på at kommunesamanslåing er ei viktig sak for innbyggjarane. Andre moment han trekte fram er at det er eit stort kunnskapsbehov. Mange er negative til endringar som ein er usikker på effekten av. Dårleg involvering kan skape mistillit til prosessen, trur Lund.

Moglegheitene og om innbyggjarane er tilfreds er ting det bør fokuserast på.

Kva for form ein skal ha avheng av stadium i prosessen og kva ein vil oppnå. Folkeavstemming trur Lund i visse sammenhengar kan støtte opp under motsetningar. Men folkemøte meiner Lund at kommunen bør ha på ulike stadium.

– Involver så tidleg som mogleg, mangel på involvering er ein risiko, understreka Lund.

Involvering kjem

I Bø har det ikkje vore så mange møte om kommunestruktur.

– Det er no det skal involverast. Det har ikkje vore tida å gjere det før forprosjektet, seier ordførar Olav Kasland.

Han forklarar at det er når eit forprosjekt blir sett i gang at lovverket om involvering slår inn.

Kasland seier at det skal lagast ein plan for involvering, målet er at kommunikasjonsstrategien skal vere klar i løpet av juni. Han meiner det viktige er at innbyggjarane blir involvert parallelt med prosjektet. Saka er sjølvsagt avhengig av at kommunestyret i Nome seier ja til å bli med i kommunestyremøtet sitt 23. april, understrekar Kasland.



Tre kommunesty

Onsdag 29. april er det kalla inn til felles kommunestyremøte for Nome, Sauherad og Bø i regi av Midt-Telemarkrådet. Temaet er kommunereforma.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Fellesmøtet har eitt tema, kommunereforma.

Forskar ved Telemarksforsking Bent Aslak Brandtzæg kjem for å snakke om reformbehov, moglegheiter og utfordringar. Brandtzæg var også med i Kommunaldepartementet sitt spesialutval som la fram to ut-

greiingar og har blant anna sett på kriterium for kommunestrategi.

I ei anna sak i avisar har me omtalt SAS-kommunane Andebu, Stokke og Sandefjord som alt har levert søknad om samanslåing til departementet. Til kommunestyremøtet kjem ordførar Bjarne Sommerstad i Andebu. Han har som tema korleis ein har lykkast i SAS-kommunane.

Det blir også gruppearbeid, det vil bli leia av kommunikasjonsrådgjevar Anne Spånen hjå Fylkesmannen i Telemark. Fylkesmannen har fått i oppdrag frå kommunalminister Jan Tore Sanner å løse reforma i hamn. Gruppene skal delast på tvers av